

# Årsplan 2023/ 2024

## for

### Regnbogen Natur- og Kulturbarnehage

**NETTSIDER ME NYTTAR:** matjungelen.no femomdagen.no fiskesprell.no  
tine.no tunkatten.no miljøfyrtarn.no miljøagentane.no La Vandre

#### AUGUST

Tema: Venskap/ å verte kjent

- Song: Vil du vera venen min
- Bok: Frosken er lei seg
- Vossauttrykk: snjaopu= snøgg, kvikk
- Dyr: Høne
- Miljøagentane: har sorteringsleik med bos
- Miljøtips til foreldra: Hugs å merke klede og skor til barnet ditt
- Matrett: Plukka bær. Me lagar saft og syltetøy
- Planleggingsdagar 15.08 og 16.08

#### SEPTEMBER

Tema: Kroppen min

- Naudetatar: invitere politi på besøk/ Bjørnis. Henry fyrstehjelp
- Sauasanking/klypping
- Song: Da va ein gong ein liten gut, tekst årsplan 2010/2011
- Bok: Bø og Bæ får besøk
- Vossauttrykk: Da e' borle
- Dyr: Sau
- Miljøagentane: Lage vårt eige papir
- Miljøtips til foreldra: Slå av motoren på bilen på parkeringsplassen
- Matrett: Lapskaus

## OKTOBER

Tema: Dyreliv i skogen / fuglar

- Hjortejakt/sporleiting/fylgjing
- Stjerneskot tek opp poteter
- Song: Vetle Olamann
- Bok: Kvifor et du ikkje skorpene dine Håkon?
- Vossauttrykk: Uhir'n
- Dyr: Ku
- Miljøagentane: Vege matsvinn og lære korleis redusere det.
- Miljøtips til foreldra: val av svanemerka produkt
- Matrett: Me lagar potetkaker, rodlepylsa og sylteflesk

## NOVEMBER

Tema: Folkemusikk og instrument frå Voss

- Svi smalahove
- Felles songsamling med stev og tradisjonssongar
- Laga jolagåver
- Song: Nøringen: Eg ser deg, eg ser deg
- Bok: Eg vil heim
- Felles songsamling
- Vossauttrykk: Klaka på pøysena
- Dyr: Hund
- Miljøagentane: Kva er greia med plast? Læra om resirkulering og gjenbruk
- Miljøtips til foreldra: Tenk på gjenbruk, bruk La Vandre, Bytebua, Fretex og finn.no
- Matrett: Torskekebab
- Planleggingsdag 10.11
- Regnbogefest 15.11

## DESEMBER

Tema: Joletradisjonar frå Voss

- Adventsamling
- Jolefrukost
- Me leitar etter nisseteikn
- Bok: Når tussalusi kviskrar
- Dyr: Katt
- Joleaktivitet: Gå jolabokk
- Miljøagentane: bruke handlenett i butikken
- Miljøtips til foreldra: Bruka resirkulert gåvepapir og bånd
- Matrett: Mjølkesuppe
- Nissefest
- Regnbogen er stengt 27.12, 28.12 og 29.12

## JANUAR

Tema: Soger frå Voss, eventyr og drama

- Eventyret om Ablesina. Laga til Regnbogen av Signe Seim
- Song: snømann, snømann og Snø-Hauge senteret
- Bok: Prikk og Flekk snør ned
- Vossauttrykk: Udla
- Dyr: Gris
- Miljøagentane: Lage meisebollar til fuglane. Sjå fuglevennen.no
- Miljøtips til foreldra: Pantetur på butikken
- Matrett: Heimelaga fiskepinnar m/ rotmos

## FEBRUAR

Tema: Soger frå Voss, eventyr og drama

- Samisk kultur og tradisjon. Saman sin nasjonaldag 6.februar.
- Fest med tema frå eventyr, songar, stev og leikarring
- Vinteridrett.
- Bok: Mari og Magnus flyttar inn
- Vossauttrykk: Hamsa
- Dyr: Reinsdyr
- Miljøagentane: Måle temperatur og nedbør.
- Miljøtips til foreldra: Samla batteri og levera på butikken
- Matrett: Heimelaga fish & chips

## MARS

Tema: Me reiser til Filippinane

- Laga påskepynt
- Pulverheksa. Lese bøkene og dramatisere
- Bok: Jakob og Neikob – Stormen
- Vossauttrykk: Vadlasletta
- Dyr: Hest
- Miljøagentane: Lage fuglekasse
- Miljøtips til foreldra: Bruke «La Vandre»- appen
- Matrett: Laksewrap
- Planleggingsdag 15. 03
- Regnbogen er stengt 25.03, 26.03 og 27.03

## **APRIL**

Tema: Kjøkkenhage

- Så frø / setja poteter
- Song: Vesle lerka
- Bok: Vesle Perlegrå
- Vossauttrykk: Vigla
- Dyr: Sau
- Miljøagentane: Planta humlevenlege plantar. Stjerneskot jobbar med Svanhild's reise
- Miljøtips til foreldra: Arrangere bytedag i barnehagen.
- Matrett: Baka flatbrød

## **MAI**

Tema: Kjøkkenhage

- Lembing
- 16. mai: Me øver på å gå i 17-maitog
- Bunad
- Song: På Vossevangen der vil eg bu.
- Laga seljefløyte
- Bok: Mari og Magnus hos bestemor
- Vossauttrykk: Aobakle
- Dyr: Geit
- Miljøagentane: Plukka bos i nærområdet. Laga boskunst.
- Miljøtips til foreldra: Sjekke ut nettsida [www.lahumlasuse@.no](http://www.lahumlasuse@.no)
- Matrett: rømmegraut
- Planleggingsdag 10.05

## **JUNI**

Tema: Regnboge-festival (Regnbogen got talent, spayoga, takewondo, is og smoothie-bar, show)

- Slåtten på garden
- Song: Bringebærslåtten
- Bok : Prinsesser og drakar
- Vossauttrykk: Stikkedaose
- Dyr: And
- Miljøagentane: Sykle til aktivitetar eller samkøyre med naboen
- Miljøtips til foreldra: La plenen vekse, for å verne bier og humler
- Matrett: Smoothie
- Sommarfest

## **JULI**

**GOD SOMMAR!**



# Verksemdplan for Regnbogen Natur- og Kulturbarnehage

## 1. GENERELL DEL:

Barnehage: Regnbogen Natur- og Kulturbarnehage A/S      Telefon: 954 82 402

Nettadresse: post@regnbogen.no

Leiar: Ingebjørg Bryn Høgheim og Ann Helen Grevle

Tal born: 57

Tal tilsette: 15

Av dette pedagogisk personale: 6      Assistentar/fagarbeidarar: 7

## RÅDSORGAN FOR BARNEHAGEN

### FORELDRERÅD

*Foreldrerådet består av foreldra/ føresette til alle barna og skal fremme deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper et godt barnehagemiljø (jmf barnehagelova §4)*

Foreldrerådet kan og arrangere eigne møter. To av foreldra vert vald til samarbeidsutvalet. Vert valde på fyrste foreldremøte på hausten.

### SAMARBEIDSUTVAL (SU) sine oppgåver:

Samarbeidsutvalet er samansett med to representantar frå foreldra, to representantar frå personalet og ein kommunal vald representant. Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ for alle partar som har eit ansvar for barnehagens innhald og drift. Saker som er viktige for barnehagen sitt innhald og verksemd skal verta framlagde for Su. Su uttaler seg om budsjett og endringar i drifta. Su skal også fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda.

Su skal ivareta saker som gjeld barnehagen si alminnelege drift. SU har eit særleg ansvar for barnehagen sitt indre forhold. Indre forhold knyter seg først og fremst til barna og dei vaksne sitt daglege liv i barnehagen. Dei mest sentrale oppgåvene er behandling av årsplan og budsjett.

I Samarbeidsutvalet sit rep frå foreldra, Lisa Maria Breistein Sjølvberg og Kristin Røen Fauske (vara). Rep frå personalet er Geir Ove Vaksdal og Britt G. Chapman + styrarar. Kommunal rep. er for tida Marit Wæhle.

### TYPISKE TREKK VED BARNEHAGEN

Me er ein barnehage som er mykje ute med borna. Tomta er ei naturtomt, nær småbruk og skog. Me gjev borna gode naturopplevingar heile året, uansett ver. Me har 10 høner, som me steller om kvar dag.

Regnbogen er miljøfyrtårnbedrift og arbeider med å bevisstgjere borna til å verta gode miljøborgarar. Me bruker mellom anna eit pedagogisk verktøy, "Svanhilds reise". Dette er ei aktivitetspakke som gjer det enklare for borna å lære om natur og miljø. Kvardagsaktivitetane er det viktigaste i miljøarbeidet, og me er medlem i miljøagentane. Borna lærer å sortere og resirkulere, minske

forbruk, lære gjenbruk og ta vare på den fine naturen rundt oss! Og korleis er det med jordkloden vår? I miljøfyrårn- arbeidet er det estetiske blikket viktig, så å lære å halde det fint og reint rundt oss inne og ute er viktig. Dei aller fleste jolegåvene vert lag av naturmateriell.

## 2. FORMÅL/ MÅLSETTING:

**VISJON:** Ein god start for alle

For å nå denne visjonen må me ha gode kjerneverdier:

### RESPEKT:

- \*Vere ærleg
- \*Ta borna på alvor
- \*Lytta

### **OMSORG:**

- \*Sjå kvart barn

### GLEDE OG HUMOR

### **GRØN KVAR DAG:**

- \*Smittsam uteglede

### BARN I SENTRUM:

- \*Kvart barn skal verte sett for akkurat den dei er

### **IDENTITET**

- \*Barnehagen skal vere ein trygg arena for alle
- \*Borna skal kunne finne sin identitet og utvikle sitt sjølvbilde, sjølvkjensle og sjølvtilit

### FRIENDSHIP:

- \*Tillit og respekt for kvarandre



## **STRATEGIPLAN/ UTVIKLINGSPLAN FOR VERKSEMDA I EIT 5-ÅRS PERSPEKTIV:**

Regnbogen Natur- og Kulturbarnhage er ein privat eigd barnehage og gjer eigne val i forhold til mål. Me fylgjer likevel mykje av det pedagogiske utviklingsarbeidet som Voss kommune legg fram for alle barnehagane i kommunen, som Zero, Den gode barnehage og Språkløyper. Kommunen sin strategiske plan for utvikling av kommunalavdeling oppvekst 2016-2020, legg føringar i høve til dette arbeidet.

Regnbogen barnehage skal jobbe for utvikling av eit godt oppvekst-, utviklings- og læringsmiljø i barnehagen. For å nå dette målet må me jobba med:

- Samspel og relasjon borna i mellom, og dei vaksne
- Zero
- God gruppeleing
- Språk og leseaktivitetar/ Språkløyper, Språksprell og Grip omgrepet
- Den gode barnehage og Lotusskjema

### **KORT OM KJERNEAKTIVITETAR:**

#### **OMSORG**

*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barns behov for omsorg og lek, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.*

(Barnehageloven §1)

Personalet i Regnbogen ynskjer at omsorg, det å vera venleg og snill mot kvarandre skal prega atmosfæren hjå oss. Det er viktig i kvardagen å vera raus mot kvarandre og vise omsorg. Dei vaksne skal vere reflekterte i tankar og handling, for som vaksen i barnehagen er me rollemodellar og verdiformidlarar for borna. Me må vise at me arbeider ut i frå eit positivt menneskesyn. Borna skal lære å ta ansvar for eigne handlingar, men det krev at nokon er til stades og lærer dei det. Borna ser kva me vaksne gjer og kva haldningar me har. Borna skal bli møtt med respekt og anerkjenning, og alle skal kjenne at dei er viktige og verdifulle. Barnehagen er ofte borna sitt fyrste møte med verda utanfor familien. Opplevinga dei får av å verte sett, høyrte og ivareteken her, vil dei ta med seg i møte med skulen og vidare i livet.

#### **DANNING**

*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barns behov for omsorg og lek, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være ei utfordrende og trygt sted for felleskap og vennskap.*

(Barnehageloven §1)

Danning er ein livslang prosess som mellom anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Danning skjer i samspel med omgjevnadane og med andre. Gjennom danningssprossar vert barnet i stand til å handtere livet ved at dei utviklar evna til å vere prøvande og nysgjerrige på omverda og til å sjå seg sjølve som ein verdifull medlem av eit større fellesskap

*Barnehagen skal oppmuntre borna til å vera prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap.*

*Barnehagen skal fremje samhold og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp.*

(Rammeplan 01.08.2017, s.21).

I barnehagen legg me vekt på

- Å leggje til rette for meiningsfulle opplevingar og støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga hjå borna.
- Gjennom danning og oppseding blir verdiar, normer, tankar, uttrykk- og handlingsmåtar vidareført
- Å kunne stille og reflektere over kritiske spørsmål
- Me må sjå borna som aktørar i sitt eige liv.
- Bevisstgjerer av vårt ansvar som rollemodellar for borna, diskusjon og refleksjon rundt vårt verdigrunnlag.
- Støtte borna si deltaking i fellesskapet

### **LEIK**

*Barnehagen skal gi muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.*  
(Barnehageloven §2).

Borna lærer gjennom leik og har ein sentral plass i kvardagen. Leiken sin eigenverdi skal anerkjennast, er for borna ein frivillig aktivitet og alle borna skal kunne leika saman. Leiken er lystprega for borna og kan samstundes gi orden og spenning. Leiken fremjar utviklinga på alle område; intellektuelt, språkleg, fysisk, sosialt og kjenslemessig. I leiken styrkjer og utviklar borna identitet og sjølvkjensle. Leik førebur borna på vaksenverda.

Alt dette krev at leiken i barnehagen får gode vilkår. Det krev av oss vaksne at me tilrettelegg for leiken reint praktisk og at me respekterer borna sin leik. Me gjev dei tid og fridom til leik, og er deltakarar i leiken enten som leikekamerat, rettleiar eller observatør.

Me er trygge vaksne

- som skapar tillit til borna
- ein varm vaksen med trygge grenser
- me støttar barnet i å utvikle omsorg for seg sjølv og andre (jmf trygghetssirkelen)
- og deltek aktivt i leiken med borna
- og er gode rollemodellar

### **LÆRING**

*Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. De skal lære å ta vare på seg sjølv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*  
(Barnehageloven §2)

Læring skjer på ulike arenaer gjennom livet. Læring føregår i det daglege samspelet med andre mennesker og miljø, og er nært knytte til leik, oppseding og omsorg.

Me vaksne må då

- Støtte å gje borna utfordringar og oppgåver dei meistrar. Ta omsyn til borna sin ståstad
- Oppmuntre dei til å prøve, og prøve igjen –motivasjon for læring
- Støtte opp om borna sine spørsmål og undring, hjelpe til med å finne løysingar og eventuelt svar.
- Gje borna varierte erfaringar – bidra til progresjon og utvikling av innhaldet i barnhagen.
- Ha kunnskap om læringsprosessar og ha ein positiv veremåte.
- Bidra til å skapa eit inkluderande fellesskap, som legg til rette for at borna kan bidra i eiga og andre si læring.



## **MEDVERKNAD**

*Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barnet skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.*

(Barnehageloven §3)

For at me skal få til dette vil me jobba med

- Barnesamtalar, det ein tek utgangspunkt i korleis borna har det, opplever barnehage- kvardagen, kva ynskje dei har, kva er kjekt og mindre kjekt osv.
- Må ha fokus på borna sine uttrykksmåtar t.d. vil dei små uttrykkje sine synspunkt gjennom kroppsspråk, mimikk og andre kjenslemessige uttrykk.
- Gje born tid til å kunne samtale og lytte til meiningane deira.
- For at me skal kunna ta borna sin medverknad på alvor krev dette god kommunikasjon mellom borna og personalet, borna og foreldre og foreldra og personalet.

## **BARNEHAGEN SOM KULTURARENA**

*Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.*

(Barnehageloven §2)

Me jobbar med

- Tek del i nærmiljøet og den kulturen som er her, som gardstun, Bømoen og butikkar
- Formidlar lokale tradisjonar gjennom bøker, litteratur, song og musikk. T.d. eventyr henta frå Per Sivle si mangfaldige dikting, besøkjer Hedleberget og Mølstertunet
- Me vert kjende i nærmiljøet – jobbar med stadnamn i nærmiljøet.
- Markerer samane sin nasjonaldag 6. februar
- Markerer og høyrer om jol, påske, 17.- mai
- Vere ein støttespelar til borna si eiga kulturutvikling – barnekultur og kulturarv
- Gje borna hjelp til å bearbeida inntrykk, reflektere over og sortere informasjon. T.d. gjennom leik, samtale og kreative uttrykk.
- Barnehagen har faste tradisjonar som : Regnbogefest 15.nov., Lucia på Vetleflaten, nissefest, karneval, ski/akedag og sommarfest.

## **LIKESTILLING**

*Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.*

( Barnehageloven §1)

Likestillingstankegangen er sentral i arbeide med borna og skal vere integrert i det me driv med. Likestilling handlar om verdier og motiva for handlingar. Personalet skal jobbe med: vaksne som rollemodellar, bevisstgjerer av vårt verdigrunnlag, auke vår kompetanse og vere bevist våre haldningar. Korleis møter me det enkelte barn? Jenter og gutar skal ha like moglegheiter til å bli sett og høyrte, og oppmuntras til å delta i fellesskap i alle aktivitetar.

## VOSSAKLIMA

Me satsar vidare på å vera gode miljøvernarar, og går inn i det nye barnehageåret som supergode miljøagentar. <https://miljoagentene.no/>  
Me tek med oss måla i FN sine berekraftsmål som er relevante for vår barnehage.

**FN sine berekraftsmål** er verda sin felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030

Regnbogen er Miljøfyrtårn-bedrift, noko me er svært stolt av. Det er eit omfattande arbeid som inneber krav til innkjøp, bruk av økologiske matprodukt, reduksjon av avfall, estetiske uttrykk, HMS og mykje meir. Me vart resertifisert i mai 2021.

FN sine berekraftsmål er noko som me er opptekne av og ynskjer å formidle til borna, tilsette og dykk foreldre.

**Miljøfyrtårn** gjev oss fleire forutsetningar for å bidra til FN sine berekraftsmål:

**Vatn:** Me ser på vatn som ein viktig ressurs som er verdt å ta vare på. Me er bevist å ikkje bruke meir vatn en nødvendig, det å ikkje "sløsa".

**Liv på land:** mange av kriteria i Miljøfyrtårn synleggjer korleis Regnbogen kan redusera og forebygga negative avtrykk i nærmiljøet vårt.

**Ansvarleg forbruk:** me er bevist og prøver kontinuerleg å forbedra oss på tiltak som omhandlar energi og vatn. Me prøver å ikkje kasta mat. Har me tørre brøds-kvite-restar og litt agurk/paprika rester, då får hønene våre dette.

Å utnytte alle ressursar best mogleg. Sirkulær økonomi: der minst mogleg skal kastast som avfall. Me prøver å reparere det som vert øydelagt, men fyrst og fremst ta vare på det me har. Me vurderer kva me treng å kjøpe nytt, og når me kjøper nytt, tenkjer me miljøvenlege leiker. Kanskje kan me kjøpa brukt? Me prøver å bevisstgjera borna på dette òg.

Som forbrukarar kan me kjøpa treleiker i staden for plastikleiker, Me kan kjøpa ei felles bursdagsgåve i staden for mange enkeltgåver. Å kjøpe kvalitet som varer i staden for «billigare» produkt som går fort sund.

**Livet under vatn:** å hindre at plast kjem ut i havet. TV-aksjonen 2020 "Et hav av muligheter" skapte eit fantastisk engasjement i Regnbogen. Borna var og er ivrige på å plukke opp plast i naturen. Dei finn dei minste små bitane, som dei plukkar opp og kastar i avfall. Å plukke opp den plasten me kan, for at den ikkje skal enda opp i vatnet/havet, er noko me fortsett med kvar dag :-)

**Energi:** me sparer straum når me kan i Regnbogen. Me regulerer varmen, slår av lysa, sett på vaskemaskina og oppvaskmaskina når dei er fullt opp. Straumsparing er lønnsamt for miljøet 😊

# PEDAGOGISK ÅRSPLAN FOR REGNBOGEN BARNEHAGE 2021-2022

## ARBEID MED KOMMUNALE- OG STATLEGE SATSINGSOMRÅDER

### BARN OG PSYKOSOSIALE TILHØVE

1. januar 2021 fekk barnehagane eit nytt regelverk for barnehagemiljø. Denne endringa i barnehagelova skal sjå til at alle born får ein trygg og god barnehagekvardag:

Eit godt psykososialt miljø i barnehagen er viktig i det helsefremmande og førebyggjande arbeidet for born. Barnehagen skal møte borna med tillit og respekt, og bidra til trivsel og glede i leik og læring. Me skal gje borna utfordringar og vere ein trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremma demokrati og likestilling, og motarbeide alle former for diskriminering. Personalet skal vere merksame på eigne haldningar og åtferd, både i høve til oppførsel som kan verke krenkande og ved bruk av makt og tvang.

**DEN GODE BARNEHAGE– betre utviklings- og læringsmiljø i barnehagen.** Dette utviklingsarbeidet for barnehagane på Voss starta i 2013 og vart avslutta i 2020.

Prosjektet, som har bakgrunn frå meld.st.24: Framtidas barnehage. Dette omhandlar ynskje om å skape stolte og motiverte medarbeidarar, som kan og vil ta imot nye arbeidsmåtar, og som har fokus på å skape den gode barnehage. Dette er eit prosjekt som er politisk vedteke. Me er snart ferdige med å utviklinge standarar for dei ulike områda i Lotus-skjemaet. Kva seier rammeplanen og kva legg me sjølve i omgrepa? Korleis kjem dette til uttrykk i barnehagen?

**RAMMEPLANEN OG LOV OM BARNEHAGE** ligg til grunn for den pedagogiske planlegginga. Me jobbar individuelt, i grupper på personalmøte, me ser webinar på Udir.no og me ser film knytt til fagområda i rammeplanen.

**SPRÅK OG LESEAKTIVITETAR** er eit satsingsområdet i barnehagen. «Språkløyper» er eit verktøy, som tilsette brukar i kvardagen for borna si språkopplæring gjennom ulike leseaktivitetar. Språkløyper inneheld fleire modular som dei tilsette har gjennomført.

Me brukar «Grip omgrepa» i kvardagen, som er ein metodikk for å lære omgrep. I tillegg brukar «Snakkepakken» og nyttar den aktivt gjennom heile året.

### ARBEID MED LÆRINGSMILJØ

Barnehage-Zero, er eit anti-mobbeprogrammet i regi av Voss Kommune. Me brukar dette verktøyet i møtet med borna, både generelt og i møte med utfordringar. Me starta opp med Zero våren 2015, og gjennom planleggingsdagar og på personalmøte har me hatt fokus på dette arbeidet.

«Den gode barnehagen» Me har hovudfokus på eit og eit område og jobbar oss gjennom Lotus skjema, tek opp til evaluering dei enkelt områda underveg slik at dokumentet er «levande» .

Språkløyper er ei kompetanseutviklingspakke frå Udir, som presenterar ulike aktivitetar og tema som er sentrale for språkutviklinga hjå alle barnehageborn. Det vil seie både yngre og eldre born, gutar og jenter, minoritetsspråklege og born med norsk eller samisk som morsmål, og born med språkvanskar. Nokre av desse borna vil ha eit særst språkleg utbytte av å bli inkluderte i aktivitetar, og alle vil ha glede av det.

## **VURDERINGSARBEID**

- Me driv med kontinuerleg vurdering av barnehage- kvardagen på personalmøta og når me er saman med borna. Formålet med vurderinga er å sikra at alle born får eit godt tilbod som er innanfor barnehagelova og rammeplanen. Heile personalgruppa deltek og skal gje oss eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring
- Internvurdering : Satsingsområde Språk og språkutvikling, Den gode barnehagen og Zero
- I tillegg reflekterer og vurderer me utviklinga i barnegruppa.

## **PLANLEGGINGSDAGAR**

Det har 5 planleggingsdagar gjennom barnehageåret og fylgjer som regel kommunen sitt oppsett på dette.

## HMS – ARBEID

### ÅRLEGE RUTINAR FOR HMS-ARBEIDET:

Månad	Tiltak	Frist	Ansvar
Januar / februar	Anticimex Radonmåling kvart 5.år		leiar
Mars / april	Handlingsplan Brukarundersøking Miljøfyrtårnrapport Revisjon av Hms-arbeidet		
Mai/juni	Vernerunde Kontroll av uteleikeplass Kontroll av brannanlegg Startsamtalar nye born		
August September	Informasjon nytilsette Brannvern, informasjon og instruksar Handlingsplan ulykker dødsfall Rutinar /ansvarsfordeling Hygiene og smittevern Fyrstehjelpkurs Brannvern		Leiar  Leiar  Leiar
Oktober / november	Varsla brannøving Medarbeidarsamtalar Oppdatering HMS	1. nov	Leiar
Desember	Me vaksne nissar kvarandre 😊		

### 3. BUDSJETT/ ØKONOMI

- Ein må prioritera i høve til bruk av vikar og innkjøp
- Det kan vere vanskeleg å setje opp budsjett, når ein ikkje veit kva tilskot ein får frå kommunen.

## **4. YMSE**

### **SAMARBEID HEIM/ BARNEHAGE**

#### **STARTSAMTALE**

Før eller rett etter at borna har starta i barnehage skal alle ha ein startsamtale . Alle foreldre med barn som skal byrje i barnehage på Voss får tilbod om startsamtale, og alle vert stilt dei same spørsmåla. Det er frivillig for foreldra å svare på spørsmåla. Formålet med start samtalen er å bli kjent med barnet og ved behov kunne gje hjelp til barnet så tidleg som mogleg. Barnet skal vera i fokus i samtalen, og me ønskjer at foreldra gjev barnehagen nødvendig informasjon for å kunne leggje til rette for ein god start for barnet i barnehagen. Barnehagen har teieplikt og opplysningsplikt.

#### **DAGLEG KONTAKT**

Den daglege kontakten er svært verdifull, både når det gjeld og verta betre kjende, og til å utveksle informasjon. Ein av personalet møter borna og foreldra i garderoben om morgonen.

#### **UFORMELL KONTAKT**

Samvær i ulike samanhengar i barnehagen. Der foreldre og personale møtest når det vert arrangert utstilling, foreldrekaffi, skidag, sommarfest o.l.

#### **FORELDRESAMTALAR**

Det vert hengt opp liste med forslag til tider i garderoben oktober/nov og i mai/juni . Ein har to samtalar i året, men dersom barnehagen eller foreldre skulle ynskje det vert det fleire. Her får ein meir tid enn ved den daglege bringe- og hentesituasjonen.

#### **FORELDREMØTE**

Det er foreldremøte på hausten, der me tek opp saker til diskusjon, og gjev foreldra informasjon om kva som skjer i barnehagen. Ein kan og ha temakveldar, lagt opp i samarbeid med foreldreråd.

#### **SAMARBEID MED NÆRMILJØET**

Me er flittige brukarar av nær området vårt og slik vert me kjende med borna sitt nærmiljø. Me går gjerne innom ein fjøs for å sjå på dyra der og. Me har ulike butikkar i nærområdet, som me handlar på ved behov.

#### **BARNEHAGETEAM**

Me har eit tverrfagleg team som består av PPT, barnevern, helsestasjon og barnehagen. Me har fire fastsette møter pr. år (fleire ved behov). Her kan ein ta opp generelle problemstillingar som gjeld heile barnegruppa eller enkeltbarn. Med samtykkje frå foreldra kan ein diskutera saker som gjeld deira barn. Om ein diskuterer enkeltbarn kan også foreldra delta på møte. Her vert det tid til refleksjonar, diskusjon og erfaringsutveksling.

#### **PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTEKONTOR (PPT)**

Samarbeid om enkeltbarn i samråd med foreldre, eller PPT kan gje råd og rettleiing til personalet.

**BARNEVERNET**

Alle tilsette i barnehagen er i barnehagelova § 46 pålagt opplysningsplikt til barnevernet når det er grunn til å tru at barn blir mishandla eller det førekjem andre former for alvorleg omsorgssvikt.

**HELSESTASJON OG FASTLEGE**

Dei gir råd ved generelle spørsmål omkring helse og sjukdom som gjeld barn i barnehagen.

**BARNE- OG UNGDOMSPSYKIATRISK POLIKLINIKK (BUP)**

Kan vera aktuell og samarbeida med i høve enkeltbar, men då etter tilvising frå PPT eller fastlege.

**NETTSIDE**

[www.regnbogen.no](http://www.regnbogen.no)

Mykje informasjon og bileter av arbeidet vårt i Regnbogen ligg på nettsida vår

Dato:

---

Underskrift leiar SU

---

Underskrift leiar

## Vedlegg 1

# PLAN FOR OVERGANG OG SAMARBEID MELLOM BARNEHAGE OG SKULE I VOSS KOMMUNE

## FRÅ BARNEHAGE TIL SKULE

### MÅL FOR ARBEIDET

- \* Barnet skal oppleve ein trygg og god skulestart, inkludert ein god start i skulefritidsordninga.
- \* Sikra best mogleg meistring for kvart barn gjennom progresjon og kontinuitet frå barnehage til skule.

### INFORMASJON

- \* Tilsette skal overføra informasjon til beste for barnet, i samspel med, og etter løyve frå foreldra.
- \* Foreldre/føresette skal få god informasjon om plan for overgang barnehage - skule i frå barnehagen.

### MØTEPLASSAR

- \* Foreldremøte i barnehagen med fokus på overgang barnehage – skule
- \* Foreldremøte i skulen med fokus på oppstart og informasjon om SFO
- \* Besøksdagar i skulen
- \* Pedagogisk leiar og lærar på første trinn skal ha årlege felles samlingar for å utvikla heilskap og samanheng.
- \* Hospitering mellom barnehage og skule skal vurderast kvart år.



## PLAN FOR OVERGANG OG SAMARBEID MELLOM BARNEHAGE OG SKULE I VOSS KOMMUNE

Tid	Kva	Ansvarleg
Aug	Barnehagar melder til kvar einskild skule om barn som skal byrja på den aktuelle skule. Slik at skulen får greia på kva barnehage dei skal ha eit samarbeid med. Barnehagen i samråd med foreldre melder til skulen om barn som har særlege behov med tanke på ressursar kommande skule år.	Styrrar i barnehagen har ansvar for å melda om barn som skal byrja på den aktuelle skule.
Sep	Foreldremøte i barnehage for dei som har barn som skal byrja på skulen. Barnehagen presenterer plan for overgang og samarbeid mellom barnehage og skule i Voss kommune.	Styrrar
Okt	Eit felles leiarmøtemøte mellom barnehage og skule med tema overgang barnehage – skule. Utveksling av planar og erfaringar.	Stab oppvekst
Nov	Innskriving.	Stab oppvekst, sender ut brev Lysing i Hordaland. Foreldre
Des	Møte mellom skule, SFO og barnehage for å samarbeida om barn som har spesielle behov. PPT kan delta	Styrrar
Mars	Foreldremøte med nye foreldre om skulen og SFO. Skulen sender ut skriftleg påmelding til leksehjelp Påmelding til SFO og leksehjelp, elektronisk påmelding.	Rektor i samarbeid med SFO - leiar Kopi til barnehagane Rektor Påmeldingsfrist 1.april Foreldre
Mars/april	Foreldresamtale i barnehagen med fokus på overgang barnehage skule.	Styrrar/ pedagogisk leiar
Mai	Overføringsmøte i barnehagen med kontaktlærar på 1. årssteg og SFO – leiar. Besøksdagar på skulen og SFO. Foreldre/føresette føl barna. Siste veka i mai.	Rektor Rektor i samsvar med avtale gjort i oktober
Juni	Kurs for kontaktlærar på 1. trinn og pedagogisk leiar som skal jobba med dei eldste barna i barnehagen.	Stab oppvekst Rektor og styrrar får invitasjon

